

---

**Fra:** Anne-Karin Løken <anne-karin.loken@ks.no>  
**Sendt:** 13. april 2018 17:02  
**Kopi:** Victor Ebbesvik; Anne-Karin Løken  
**Emne:** Påminning om frist - ordfører-/varaordførarnettverk 14.-15. mai.

**Vi ber om at ordfører sender denne innbydinga vidare til varaordførar i dykkar kommune/fylkeskommunen.**

**Vi minner om denne invitasjonen, og utvidar påmeldingsfristen til førstkomande måndag 16. april kl 1200.**

Vi syner til tidlegare informasjon om samlinga, og innbyr dykk med dette til tredje samling i nettverket for ordførarar og varaordførarar i Hordaland.

**Tid:** Måndag 14. mai kl 13 – tysdag 15. mai kl 13.  
Samlinga er lagt i etterkant av eit møte på føremiddagen 14.05. mellom ordførarane i Hordaland og Hordalandsbenken. Det vert sendt eiga innbyding om dette.

**Stad:** Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen.

**Kort påmeldingsfrist: måndag 16. april kl 1200**  
**Programmet og påmeldingsskjema for samlinga [finn de her](#).**

Føremålet med nettverkssamlinga er som tidlegare å gjere ordførarar og varaordførarar enda tryggare i rollane sine, dele både positive og kanskje negative erfaringar, og stimulere til eit fagleg og sosialt fellesskap på tvers av både kommunar og politiske parti.

Som vanleg er det Petter Steen – tidlegare ordfører i Haugesund, og rettleiar i KS sitt folkevaldprogram - som er prosessleiar for samlinga. I samarbeid med han har vi laga eit opplegg som er basert på tilbakemeldingar frå dykk etter dei tidlegare samlingane vi har hatt. Vi har valt ut fire hovudtema:

- \* praktisk møteleiing
- \* tilhøve til media
- \* ny kommunelov
- \* ein sekvens om tilhøvet mellom ordfører og rådmann

Vi vonar de finn programmet interessant, og ser fram til å sjå flest mogleg av dykk på nettverkssamlinga. [Merk påmeldingsfristen!](#)

**Bindande påmelding.**

Beste helsing

**Victor Ebbesvik**  
Seniorrådgjevar  
Senior Advicer

Epost Email: [victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no)  
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73  
<http://www.ks.no>



**KOMMUNESKTORENS ORGANISASJON**  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities